



Møteinnkalling

Utval:	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	07.12.2022
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så tidleg som råd er, ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Bjørg Tislevoil
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022	033	
	Politiske saker		
PS 19/22	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan	217	
PS 20/22	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering	217	
PS 21/22	Deloitte presenterer interimisrevisjonsrapport for 2022	216	
PS 22/22	Kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune	219	
PS 23/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 24/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 11/22	NKRF sin kontrollutvalskonferanse 2023	085	
RS 12/22	VS: FKT -info Oktober 2022	073	

GK 7/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/120-7

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	8/22	07.12.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.2022 er vedlagt saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	14.09.2022
Tid:	10:00 - 11:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Björg Tislevoll	Leder	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleder	AP
Gro Rydland	Medlem	SP
Frank Solli	Medlem	FRP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møte:

John Karsten Raunholm	Etatsjef for Oppvekst og Kultur
Trond Salmo	Økonomisjef (PS 18/22)
Else Holst-Larsen	Oppdragsansvarleg revisor, Deloitte AS
Kjersti Gjuvland	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Björg Tislevoil
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.05.2022	033	
	Politiske saker		
PS 10/22	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan	217	
PS 11/22	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Fitjar kommune	216	
PS 12/22	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2022	216	
PS 13/22	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024	217	
PS 14/22	Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024	216	
PS 15/22	Behandling av henvendingar til kontrollutvalet	219	
PS 16/22	Budsjett 2023 for kontrollutvalet	151	
PS 17/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
	Referat saker		
RS 8/22	Budsjettbrev 2022 frå Statsforvalteren	216	
	Politiske saker		
PS 18/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 9/22	Forespørsel om forlengelse av avtalen gjeldande levering av sekretariatstenester	601	
RS 10/22	VS: Nytt fra FKT	073	

Godkjenningssaker

GK 5/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 6/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.05.2022

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 04.05.2022

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 04.05.2022 vart godkjent.

Politiske saker

PS 10/22 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det står att ein del arbeid gjeldande forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til møte i kontrollutvalet 07.12.22. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 16.11.22.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Etatsjef for oppvekst og kultur John Karsten Raunholm orienterte om status gjeldande handlingsplanen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det står att ein del arbeid gjeldande forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til møte i kontrollutvalet 07.12.22. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 16.11.22.

PS 11/22 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Fitjar kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen orientere om si uavhengighet i høve Fitjar kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Else Holst-Larsen, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Fitjar kommune, til etterretning.

PS 12/22 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2022

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 07.12.2022 med frist for levering til sekretariatet 16.11.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen orienterte om revisjonsplan og risikovurdering, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2022 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 07.12.2022 med frist for levering til sekretariatet 16.11.2022.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2022 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 13/22 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil i 2022 gjennomføre ei rullering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak der kontrollutvalet, sekretariatet og revisor diskuterer eventuelle endringar i risikobiletet for Fitjar kommune, som kan resultere i endringar i plan for forvaltningsrevisjon.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte saka og forslag til vedtak frå sekretariatet med å gjennomføre ein prosess for rullering av plan for forvaltningsrevisjon.

Etter ei totalvurdering vart kontrollutvalet einig om å ikkje gjennomføre ein prosess for rullering grunna mellom anna begrensa budsjettmidlar og at prosjektet for forvaltningsrevisjon som vart bestilt i vår vert klar våren 2023, slik ønskje var frå administrasjonen. Det er litt over eit år fram til ny prosess med ny planarbeid skal starte opp.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

PS 14/22 Rullering av plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte saka og kontrollutvalet vart einige om å vidareføre planen slik den ligg føre.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek at gjeldande plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024 vert vidareført slik den ligg føre.

PS 15/22 Behandling av henvendingar til kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rettleiaren om behandling av henvendingar frå FKT til etterretning
2. Kontrollutvalet vedtek vedlagde retningsliner for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Fitjar kommune med dei endringar som kom fram i møtet

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær presenterte saka gjeldande korleis kontrollutvalet kan handtere henvendingar til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet var einige i at det er lurt å innføre slike retningsliner.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek vedlagte retningsliner for handtering av henvendingar til kontrollutvalet i Fitjar kommune

PS 16/22 Budsjett 2023 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte om budsjettforslaget for 2023 slik det ligg føre og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

PS 17/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokoll frå møte i formannskapet 24.08.22 vart også gjennomgått.

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga og møteprotokoll frå møte i formannskapet 24.08.22 til orientering.

Referat saker

RS 8/22 Budsjettbrev 2022 frå Statsforvalteren

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

Politiske saker

PS 18/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 28

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om status i arbeidet med å få på plass gode rutinar gjeldande området for meirverdiavgift. Revisjonen vil følgje opp dette vidare.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Referat saker

RS 9/22 Forespørsel om forlengelse av avtalen gjeldande levering av sekretariatstenester

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 10/22 VS: Nytt fra FKT

Saksprotokoll 14.09.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/110-10
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	19/22	07.12.2022

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - oppfølging av handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at det framleis står att ein del arbeid gjeldande forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til andre møte i kontrollutvalet i 2023. Tilbakemelding på handlingsplanen vert å senda sekretariatet innan 01.04.23.

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 29.09.21, og vedtaket var i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Det står att ein del arbeid før saka kan lukkast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status til andre møte i kontrollutvalet i 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilbakemelding på eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon - Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 29.09.21 i PS 43/2021:

«Vedtak:

1. Fitjar kommune ber om at rådmannen følgjer opp forholda slik det kjem fram av revisjonsrapporten på s. 31 og 32.
2. Fitjar kommune ber om at selskapet følgjer opp forholda slik det kjem fram på s.32 i rapporten
3. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet frå rådmannen og leiinga i selskapet innan 1. april 2022, om korleis vedtaket vert fulgt opp»

Av revisjonsrapporten side 31 og 32 kjem dette fram som tilrådingar:

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, tilrår revisjonen at kommunen iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd ei eigarskapsmelding som er i samsvar med lovkrava blir gjennomført, slik som planlagt
2. Sikre at eigarstyringa og oppfølginga av selskapet blir formalisert og tydeleggjort, inkludert med omsyn til:
 - a) Mål og strategi for eigarskapen
 - b) Oppgåve- og ansvarsdeling for eigarstyring og oppfølging
 - c) Krav og forventingar til selskapet
 - d) Oppfølginga av selskapet
 - e) Gjennomføring av eigarmøte, inkludert når det gjeld hyppigheit, deltakarar, og agenda
3. Endre vedtektene slik at dei inneheld:
 - a) Kva innkallingsfrist som gjeld for generalforsamling
 - b) At det skal brukast valkomité for val av styremedlemmar
 - c) At varamedlemmane i styret er numeriske
 - d) At det skal vere kjønnsbalanse i styret.
4. Utarbeide formelle retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid
5. Avklare om kommunen kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita
6. Sikre at den som stiller som representant for kommunen i generalforsamlinga har nødvendig fullmakt
7. Sikre at politikarar og eigarrepresentantar får naudsynt opplæring i eigarskapsforvaltning
8. Vurdere tiltak som sikrar at styret har tilstrekkeleg kompetanse

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen vidare at selskapet iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd:
 - a) Styreinstruks
 - b) Instruks for dagleg leiar
 - c) Plan for styret sitt arbeid
 - d) Etske retningslinjer for selskapet
 - e) Styrende dokument for selskapet, som måldokument, verksemdsstrategi og planar
 - f) Rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver, inkludert for inngåing av leigekontraktar (og då spesielt med omsyn til fastsetting av leigepreis) og for handsaming av meirverdiavgift
2. Syte for at styremedlemmane blir registert i KS sitt styrevervregister
3. Sikre at det blir gjennomført årleg eigenevaluering av styret sitt arbeid
4. Vurdere tiltak for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i styret, t.d. gjennom styreseminar eller ekstern opplæring av styremedlemmar

5. Tydeleggjer oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet, og då særleg for dagleg leiar og styreleiar. Dette kan t.d. gjerast gjennom styreinstruks og instruks til dagleg leiar, jf. tilråding 1 a) og 1 b).
6. Vurdere kva rapporteringslinjer som er føremålstenlege, og formalisere desse
7. Gjennomføre ei heilskapleg og konkret vurdering av om regelverket for offentlege anskaffingar gjer seg gjeldande for selskapet

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke tilbakemelding på handlingsplan frå kommunedirektør i epost 30.08.22, der det kjem fram slik informasjon:

«Følgjande er gjort:

- *Sak om generell fullmakt til ordførar er handsama i formannskapet og samrøystes innstilt til kommunestyret. Jfr punkt 6)*
- *Tilbod om styrekurs er sendt medlemmene i Fitjar kommunestyre. Jfr punkt 7) og 8). Jfr vedlegg*
- *Alle styremedlemmar/vara og dagleg leiar er registrert i KS sitt register.*
- *Skjema for egen evaluering styre vil bli framlagt for styremedlemmer FKIB ved neste styremøte i medio Oktober. Jfr punkt 11)*

Dei andre punkta vert det arbeid med og me melder inn når dette er på plass.»

Kontrollutvalet fekk og ei slik orientering i møte 14.09.2022 frå Etatsjef for oppvekst og kultur John Karsten Raunholm.

Sekretariatet har motteke ny tilbakemelding på handlingsplanen 22.11.2022. Denne er vedlagt saka.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet får ei ny orientering gjeldande handlingsplan til andre møtet i KU i 2023, grunna at mykje av forbetningsarbeidet som står at vil vere ferdig i løped av første halvår 2023, slik det kjem fram av handlingsplanen

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status på handlingsplanen til andre møtet i kontrollutvalet, med frist til å senda skriftleg tilbakemelding innan 01.04.2023.

Kontrollutvalet
Postboks 7900

5020 BERGEN

Dykkar ref:

Vår ref:
2022/1558-52127/2022

Sakshandsamar:
Gjermund Hagesæter

Arkivkode:
217

Dato:
15.11.2022

Tilbakemelding på eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon - Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS

Kommunestyret i Fitjar handsama 29.09.21 «Rapport etter forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS»
Kommunestyret fatta følgjande vedtak:

1. Fitjar kommune ber om at rådmannen følgjer opp forholda slik det kjem fram av revisjonsrapporten på s. 31 og 32.
2. Fitjar kommune ber om at selskapet følgjer opp forholda slik det kjem fram på s.32 i rapporten.
3. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet frå rådmannen og leiinga i selskapet innan 1. april 2022, om korleis vedtaket vert fulgt opp.

Etter dette har konklusjonen og tilrådingane i rapporten blitt gjennomgått og drøfta med dei dette gjeld. Rapporten er også blitt tatt opp i samband med generalforsamling i Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS, måndag 2/5-22. På bakgrunn av prosessen så langt har ein kome fram til følgjande plan for oppfølging:

Pr i	Tiltak	Plan for oppfølging	Tidsplan	Ansvar
1	Sikre at det blir utarbeidd ei eigarskapsmelding som er i samsvar med lovkrava blir gjennomført, slik som planlagt	Fitjar kommune vil utarbeida ei fullstendig eigarskapsmelding slik kommunelova §26-1 krev som skal bli vedtatt av kommunestyret i løpet av valperioden. Denne skal innehalda: a) Kommunen sine prinsipp for eigarstyring b) Ei oversikt over selskap,	Ferdig i løpet av første halvår 2023 - <u>Påbegynt</u> Selskapsoversikt vedtatt av Fitjar kommunestyre 28/9-22 Denne er ikkje justert for nye krav i kommunelova. Etter kommunelova har me frist til ut kommunestyreperioden med å ferdigstille dette.	Kommunedirektør

		<p>kommunale føretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i</p> <p>c) Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemd nemnt i bokstav b.</p>		
2	<p>Sikre at eigarstyringa og -oppfølginga av selskapet blir formalisert og tydeleggjort, inkludert med omsyn til:</p> <p>a) Mål og strategi for eigarskapen</p> <p>b) Oppgåve- og ansvarsdeling for eigarstyring og -oppfølging</p> <p>c) Krav og forventingar til selskapet</p> <p>d) Oppfølginga av selskapet</p> <p>e) Gjennomføring av eigarmøte, inkludert når det gjeld hyppigheit, deltakarar, og agenda</p>	<p>Dette vil bli innarbeid i eigarskapsmeldinga og gjennomført etter at denne er vedtatt i kommunestyret.</p>	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør
3	<p>Endre vedtektene slik at dei inneheld:</p> <p>a) Kva innkallingsfrist som gjeld for generalforsamling</p> <p>b) At det skal brukast valkomité for val av styremedlemmar</p> <p>c) At varamedlemman</p>	<p>Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte. Etter at forslag til nye vedtekter er klart må vedtektene vedtakast på</p>	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB AS

	e i styret er numeriske d) At det skal vere kjønnsbalanse i styret	enten ekstraordinær eller ordinær generalforsamling.		
4	Utarbeide formelle retningslinjer for valkomitéen sitt arbeid	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte. Når utkast til nye retningslinjer er klar må desse vedtakast på enten ekstraordinær eller ordinær generalforsamling.	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB As
5	Avklare om kommunen kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita	Dette vert innarbeid i eigarskapsmeldinga.	Ferdig i løpet av andre halvår 2023	Kommunedirektør
6	Sikre at den som stiller som representant for kommunen i generalforsamlinga har nødvendig fullmakt	Det vert førebudd sak til Fitjar kommunestyre om at ordførar får ei generalfullmakt at han representerer Fitjar kommune dersom noko anna ikkje er vedtatt. Dette vert også innarbeid i eigarskapsmeldinga.	Sak om dette handsama av Fitjar kommunestyre i løpet av 2022. - Ferdig Vedtatt av Fitjar kommunestyre 28/9-22	Kommunedirektør
7	Sikre at politikarar og eigarrepresentantar får naudsynt opplæring i	Det må leggjast til rette for at dei aktuelle får tilbod om relevante kurs og opplæring.	Ferdig i løpet av første halvår 2023 Kurs avholdt 9/11-22 i regi av Atheno. Følgjande deltok: -Harald Rydland - Jo Kjetil Strand	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling, valkomité

	eigarskapsforvaltning	Dette vert også innarbeid i eigarskapsmeldinga.	- Sigurd Andre Maraas Langt fleire har fått tilbod om kurs. Planen er at frå neste periode vert kurstilbod innarbeid i samband med nye val.	og styret i FKIB As
8	Vurdere tiltak som sikrar at styret har tilstrekkeleg kompetanse	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte. Styret utarbeider så ein plan for at det vert lagt til rette for at dei aktuelle får tilbod om relevante kurs og opplæring. Dette vert også innarbeid i instruks for valnemnd.	Ferdig i løpet av første halvår 2023 Kurs avholdt 9/11-22 i regi av Atheno. Følgjande deltok: -Harald Rydland - Jo Kjetil Strand - Sigurd Andre Maraas Langt fleire har fått tilbod om kurs. Planen er at frå neste periode vert kurstilbod innarbeid i samband med nye val.	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling, valkomité og styret i FKIB As
9	Sikre at det blir utarbeidd: a) Styreinstruks b) Instruks for dagleg leiar c) Plan for styret sitt arbeid d) Etske retningslinjer for selskapet e) Styrande dokument for selskapet, som måldokument, verksemdsstrategi og -planar f) Rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver, inkludert for inngåing av leigekontraktar (og då spesielt med omsyn til fastsetting av leigepris) og for	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og første utkast til ny instruks, retningslinjer, rutinar og styrande dokument vert utarbeid i 2. halvår 2022. Dokumenta må deretter vedtakast av minimum styret for FKIB.	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB As

	handsaming av meirverdiavgift			
10	Sytle for at styremedlemmane blir registrerte i KS sitt styrevervregister	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil innan kort tid sørge for at folkevalde styrepraesentantar vert meld inn i KS sitt styrevervregister.	Ferdig i løpet av første halvår 2022 - Ferdig https://www.styrevervregisteret.no/sok/-/styreverv/virkosomhet/980934772?p_auth=N2BFFBfy	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB AS
11	Sikre at det blir gjennomført årleg eigenevaluering av styret sitt arbeid	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil innan kort tid gjere ei eigenevaluering og sikre at dette vert ein av dei faste årlege rutinane.	Ferdig i løpet av første halvår 2022 - Ferdig Eigenvurdering av styret er gjennomført på styremøte i oktober og vil bli gjennomført årleg.	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB AS
12	Vurdere tiltak for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i styret, t.d. gjennom styreseminar eller ekstern opplæring av styremedlemmar	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte og legge til rette for at dei aktuelle får tilbod om relevante kurs og opplæring.	Ferdig i løpet av første halvår 2023 Kurs avholdt 9/11-22 i regi av Atheno. Følgjande deltok: -Harald Rydland - Jo Kjetil Strand - Sigurd Andre Maraas Langt fleire har fått tilbod om kurs. Planen er at frå neste periode vert kurstilbod innarbeid i samband med nye val.	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling, valkomité og styret i FKIB AS
13	Tydeleggjer oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet, og då særleg for dagleg leiar og styreleiar. Dette kan t.d. gjerast gjennom styreinstruks og instruks til dagleg leiar, jf. tilråding 1 a) og 1 b).	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte med sikte på at dette vert gjennomført innan kort tid.	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB AS

1 4	Vurdere kva rapporteringslinjer som er føremålstenlege, og formalisere desse	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte og tar sikte på at første utkast til nye rapporteringslinjer vert utarbeid i 2. halvår 2022. Dette vert også innarbeid i instruks for dagleg leiar og eventuelt i styreinstruks. Dokumenta må deretter vedtakast av minimum styret for FKIB. (Eventuelt styreinstruks må vedtakast av generalforsamling.)	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB As
1 5	Gjennomføre ei heilskapleg og konkret vurdering av om regelverket for offentlege anskaffingar gjer seg gjeldande for selskapet	Første møtet om dette vart gjennomført måndag 2/5-22 og styret i FKIB AS vil setje denne saka på dagsorden i neste ordinære styremøte og vil innan kort tid gje ei evaluering som vert send til eigarane. På bakgrunn av dette vert det gjort ei heilskapleg og konkret vurdering som vert innarbeid i eigarskapsmeldinga som skal til politisk handsaming i Fitjar kommune.	Ferdig i løpet av første halvår 2023	Kommunedirektør i samarbeid med generalforsamling og styret i FKIB As

--	--	--	--	--

Med helsing
Fitjar kommune

Gjermund Hagesæter
kommunedirektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan signatur



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/214-4

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	20/22	07.12.2022

Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Samandrag

Kontrollutvalet bestilte prosjektet i møte 29.11.2021. Prosjektoppstart vart utsett til hausten 2022 etter ønske frå administrasjonen. Dette er første statusrapportering gjeldande dette prosjektet. Rapporten skal vere ferdig innan 01.04.2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte i møte 29.11.2021 (PS 26/21) ny forvaltningsrevisjon:

«Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan institusjons- og heimeteneste.
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 09.02.2022.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 02.03.2022»

Av prosjektplanen kjem det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere om Fitjar kommune har system som sikrar tilfredsstillande kompetanse og kapasitet til å ivareta lovpålagte tenester innanfor institusjons- og heimetenestene.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er det samsvar mellom tilbod og behov for institusjons- og heimetenester i Fitjar kommune?
 - a) Er tilbodet på ulike omsorgsnivå dimensjonert i samsvar med pleiebehovet?
 - b) Er det ventelister/overkapasitet for ulike tilbod?
 - c) Har kommunen tatt i bruk tilstrekkeleg velferdsteknologi?
 - d) Er det etablert ei samhandling mellom tenestekontoret og utførande einingar som sikrar rett nivå på tenestene?
2. I kva grad har kommunen sikra tilstrekkeleg med ressursar med rett kompetanse i tenestene?
 - a) Har kommunen ei bemanning som er tilstrekkeleg med omsyn til å levere naudsynte tenester?
 - i) Er det etablert bemanningsplanar i tenestene?
 - ii) Er det samsvar mellom planlagt og faktisk bemanning i tenestene?
 - b) Klarer kommunen å sikre tilfredsstillande kompetanse blant medarbeidarane?
 - i) Ved rekruttering
 - ii) Gjennom kompetansehevande tiltak
 - c) Klarer tenestene å ivareta tilfredsstillande nærvær blant medarbeidarane?
 - i) Blir det arbeidd systematisk med å redusere sjukefråværet blant medarbeidarane?

Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, analyse av statistikk og verifisering/høyring som metode.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Dette er første statusrapportering etter at oppstart av prosjektet vart utsett til hausten 2022 etter ønske frå administrasjonen. Etter bestillinga frå kontrollutvalet skal rapporten vere ferdig innan 01.04.2023. Kontrollutvalet og kommunestyret vil få rapporten til handsaming før sommaren 2023.

Konklusjon

Om det ikkje kjem fram anna informasjon i møtet, vert det tilrådd å ta informasjonen til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/122-14

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	21/22	07.12.2022

Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2022

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2022 for Fitjar kommune frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Fitjar kommune gjeldande rekneskapen for 2022.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Interimsrevisjonsrapport for 2022 - Fitjar kommune

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Fitjar kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»*

Videre har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det bl.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) *kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
b) *regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
c) *regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskaper vert revidert på ein betryggende måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

I møte i kontrollutvalet 14.09.2022 orienterte Deloitte om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2022 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskaper for 2022.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera eit ledd i å sjå til at Fitjar kommune sine rekneskaper vert revidert på ein betryggende måte og at Fitjar her har ei forsvarleg revisjonsordning.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å komme med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Oppsummeringa ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimrevisjonen for 2022 frå Deloitte til orientering.

Fitjar Kommune
v/kontrollutvalet
PB 83
5418 Fitjar

09. november 2022

Revisjonsrapport nr. 29
(journalførast)

INTERIMSREVISJON FITJAR KOMMUNE 2022

Generelt

Vi har utført interimsrevisjonen av Fitjar kommune for 2022. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført interimsrevisjon og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i kommunen bør ha eit spesielt fokus på.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapsføringa i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimsrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimsrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder, og for regnskapsposter, kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjeret.

Sjølvtende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til sjølvtende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-2 og § 24-4 i kommunelova.

Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapsføringa

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Vi minner om at ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balanseposter i rekneskapsføringa utan dei som er ubetydelege.

Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapstransaksjonar vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen byggjer på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

I vår gjennomgang av **lønnsområdet**, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønningskonsulentane. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekket svakheiter ved dei interne kontrollane.

Når det gjeld reiserekningar har vi tidlegare funne eit ubetydeleg avvik som gjeld manglande eksakte adresser for kvar ein køyrer frå og til når ein har krav på kilometergodtgjersle. Vi er kjend med at administrasjonen har sendt ut informasjon om krav til dokumentasjon, og vi tilrår og at ein jobber med rutinene og fortsatt ikkje godtek og registrerer reiserekningar som ikkje oppfyller lovkrava.

Vi har ikkje gjennomgått kommunens rutinar omkring **innkjøp og inngående fakturaer**, fordi tidlegare ansvarleg for prosessen har slutta i stillinga, og denne har ikkje vorte erstatta. Vi har kartlagt at det ikkje er endring i rutinar gjennom samtale med økonomileiar.

Vi har gjennomgått **faktureringsrutinar** for brukarbetaling og andre tenester. Føremålet har vært å kontrollere at det er etablert system og kontrollar som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgåande god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og det vart ikkje avdekket vesentlege svakheiter eller manglar.

I forbindelse med kontroll av kven som har tilgang til **bank** samt rutine for **bankavstemming** ser vi at kommunen har fått på plass rutine for arbeidsdeling og at bankavstemming vert utført av medarbeider utan tilgang til bank. Vi anbefalar kommunen å bestrebe månadlege bankavstemmingar.

Gjennomgåande er der god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og vi opplever at kommunen har etablert gode rutiner. Internkontrollen på eit overordna nivå er, etter vår vurdering, tilfredsstillande.

Kontroll av transaksjonar / bilag

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontroller). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgavepliktige ytingar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert følgt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir følgt opp.

Eit viktig kontrollelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist. Dette inneberer at alle disposisjonar som inneber økonomiske forpliktingar skal stadfestast av ein som har budsjettdisponeringsmynde. Den som har budsjettdisponeringsmynde kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalingar til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollere at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgiftsmessig.

Vi har ikkje avdekket vesetlege feil knyta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.

Tilgangstyring og arbeidsdeling

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å førebygge feil og mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Fitjar kommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder.

Overordna IT kontroller

Vi har fått stadfesta at der er innarbeida gode system kring dei viktigaste rutinane på IT-området og vår konklusjon er at det har vore etablert tilfredsstillande kontrollar samt at IT-avdelinga har gode systemer for oppfølging.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Kommunedirektør



Saksframlegg

Saksnr: 2022/328-1
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	22/22	07.12.2022

Kommunaløkonomisk berekraft i Fitjar kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune.
2. Utgreiinga kan m.a. innehalde informasjon om status på:
 1. Finansielle måltal
 2. Aktuelle regelverk
 3. Vedlikehaldsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
 4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikehaldsetterslep skal takast inn att?
3. Kontrollutvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kommunedirektøren skal orientere kontrollutvalet på status innanfor kommunal økonomisk berekraft (KØB) i Fitjar kommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. – 02.06.2021, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk berekraft (KØB). Det blir i den samanheng vist til kommunelova §§ 14-1 og 14-2.

Kommunelova (KL) § 14-1 omhandlar grunnleggjande krav til økonomiforvaltninga i kommunen.

Her står det:

- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide samordnete og realistiske planer for egen virksomhet og økonomi og for lokalsamfunnets eller regionens utvikling.*
- *Kommuner og fylkeskommuner skal forvalte finansielle midler og gjeld på en måte som ikke innebærer vesentlig finansiell risiko, blant annet slik at betalingsforpliktelse kan innfris ved forfall.*

Det er dette som vert kalla kommunal økonomisk berekraft (KØB).

For å ivareta økonomisk berekraft over tid, har kommunen plikt til å fastsette finansielle måltal, jf. KL § 14-2:

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet*
- b) årsregnskapene og årsberetningene*
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi*
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)*
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).*

Vidare står det i kommunelova § 23-2 m.a. dette:

Kontrollutvalget skal påse at:

- a) Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) Det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at utvalet skal sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og kontrollere at den økonomiske forvaltninga vert ivareteken i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over har kontrollutvalet etter sekretariatet si vurdering eit ansvar for å følgje opp om Fitjar kommune har tilfredsstillande kommunal økonomisk berekraft. Kontrollutvalet bør derfor utfordre kommunedirektøren på å gjere greie for status på dette området i første møte i 2023.

Ei slik utgreiing kan m.a. innehalde informasjon om status på:

1. Finansielle måltal
2. Aktuelle regelverk
3. Vedlikeholdsetterslepet i kroner på f.eks.:
 - a) Kommunale bygg?
 - b) Kommunale veier, inkludert tunellar og bruer?
 - c) Kommunale kaianlegg?
 - d) Annan kommunal infrastruktur som vatn og avløp
4. Er det utarbeidd planar for korleis eventuelt vedlikeholdsetterslep skal takast inn att?

Konklusjon

Det blir tilrådd at kontrollutvalet ber kommunedirektøren kome i første møte i 2023 for å gjere greie for status for kommunal økonomisk berekraft i Fitjar kommune, slik det kjem fram av saka.

Utvalet ber om at notat som grunnlag for utgreiinga vert sendt sekretariatet innan 15.01.2023.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/121-4

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	23/22	07.12.2022

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemene vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	28.09.2022 og 26.10.2022
Formannskapet	24.08.2022, 21.09.2022, 19.10.2022 og 16.11.2022
Utval for plan og miljø	13.09.2022, 18.10.2022, 26.10.2022 og 22.11.2022
Utval for oppvekst og omsorg	14.09.2022, 19.10.2022 og 23.11.2022
Viltnemnda	- ingen -

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/117-4

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	24/22	07.12.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Det er opna for påmelding til NKRF sin kontrollutvalgskonferanse på denne lenkja:

<https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2023>

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2023

Tilbake til kursoversikten

Nøkkelfinfo

Fra/til	1.2–2.2
Påmeldingsfrist	15.12
Pris	Fastsettes senere
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	1.2.: 10.00 - 17.00 2.2.: 09.00 - 13.00

Vi har igjen gleden av å invitere til NKRFs årlige Kontrollutvalgskonferanse 1. - 2. februar 2023 og endelig igjen som en **fysisk** samling i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. I 2021 og 2022 samlet konferansen rundt 400 deltakere *digitalt*. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere på Gardermoen.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.

Program

Arbeidet med programmet pågår fortsatt, men mye er klart og mange interessante temaer og innledere er bekreftet.

Håkon Haugsbø er engasjert som møteleder for hele konferansen.

I første programpost stiller vi følgende spørsmål:

- ***En åpen opplyst samtale – en forutsetning for et velfungerende lokaldemokrati?***

Ytringsfrihetskommisjonens leder, **Kjersti Løken Stavrum**, vil med utgangspunkt i dette spørsmålet snakke om kommisjonens utredning: [NOU 2022: 9 En åpen og opplyst offentlig samtale](#). Kommisjonen har med utgangspunkt i Grunnloven § 100 utredet de sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for ytringsfrihet i dagens samfunn. Utrekningen er nå på en bred [høring](#) med frist 16. januar 2023.

Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg høsten 2023, og det gjør kommisjonens utredning enda mer interessant og aktuell. Har vi en åpen og opplyst samtale i dag – og er debattklimaet slik at det bidrar til et levende lokaldemokrati? Hvordan står det til med rekruttering til kandidater til folkevalgte verv? er spørsmål vi søker å belyse i denne programposten, hvor vi også får høre fra spesialrådgiver i KS, **Lise Spikkeland**, og ellers planlegger vi å ha innledninger fra representanter for kommunesektoren.

Vi følger opp temaet fra første programpost med en annen av Ytringsfrihetskommisjonens problemstillinger:

- ***Tilgang på informasjon – en forutsetning for en åpen og opplyst offentlig samtale***

I denne bolken vil du blant annet møte leder av Pressens offentlighetsutvalg, **Tron Strand**, som vil belyse hvordan det egentlig står til med åpenheten i norske kommuner. Hvordan står det til med tilgangen på informasjon/åpenheten i kommune-Norge? Og vil mer åpenhet automatisk føre til mer demokrati? Pressens offentlighetsutvalg utarbeider i samarbeid med Kommunal Rapport, et [Åpenhetsbarometer](#).

I tillegg har KS fått en [utredning](#) fra Advokatfirmaet Lund & co DA om et eventuelt åpenhetsregister for norske kommuner (ofte omtalt som "lobbyregister"). Hva betyr egentlig det? Partner og advokat i Lund, **Silje Aga Rogan**, vil presentere utredningen og drøfte hvorvidt vi trenger et åpenhetsregister.

Dette temaet avsluttes med en samtale med innledeerne samt lederen for den liberale tankesmien Civita, **Kristin Clemet**.

Neste tema blir barnevern:

- **Barnevernsløftet – hva er det?**

Vi hører stadig historier fra barnevernet. I tillegg er barnevern ofte et tema når kontrollutvalgene skal bestille forvaltningsrevisjoner fra revisjonen. Hva innebærer egentlig den nye barnevernsreformen og hva er barnevernsløftet? Vi får også konkrete eksempler på hvordan man har jobbet med dette temaet i en kommune. I tillegg til innledning fra en kommune vil seniorrådgiver i KS Innlandet, **Martin Skramstad**, bidra under dette temaet.

Dag 1 avsluttes med en samtale med riksrevisor **Karl Eirik Schjøtt-Pedersen**. Her får vi høre om hva han legger vekt på – og hvilke konsekvenser kan dette få for kommunal kontroll.

Dag 2 åpner med spørsmålet:

- **Hvem leverer til kommunen?**

[Nasjonalt tverretatlig etterretnings- og analysesenter \(NTEAS\)](#) har kartlagt 43 887 leverandører til det offentlige med leveranser på over 500 000 kroner i perioden 2015–2020. Kartleggingen viser at straffede leverandører og leverandører med reaksjoner utgjør 5 prosent av det totale antallet leverandører. Kan vi leve med dette – og hva skal vi gjøre for å rette dette opp?

Analytikerne **Silje Ingjer** og **Emil Westli** fra NTEAS vil legge fram resultatene. Og advokat **Arnild Dordi Gjønnnes** i NHO, som representerer leverandører til offentlig sektor, vil komme med sine kommentarer.

Neste tema blir:

- **Cybersikkerhet i norske kommuner – politikernes ansvar**

Vi hører stadig vekk om datainnbrudd i kommuner, staten og private bedrifter. Er vi maktesløse – eller kan vi med enkle grep sikre oss bedre? Hva bør kontrollutvalget spørre seg om når det gjelder egen kommune? Daglig leder **Bjørn T. Tveiten** i [Kommune-CSIRT](#) (Nasjonalt senter for informasjonssikkerhet i kommunesektoren) vil komme med fakta og gode råd. Vi skal også få eksempel fra en kommune som har tatt grep.

Denne kommunestyreperioden går mot slutten, og vi avslutter konferansen med:

- **Arven fra et kontrollutvalg til det neste**

Det har vært en spesiell periode med nedstengning og mange digitale møter. Men vi har lært mye. Til høsten skal det velges nye kontrollutvalg i kommunene. Hvilke erfaringer kan vi ta med oss videre? Vi legger opp til erfaringsutveksling fra erfarne kontrollutvalgsleder(e) og representanter fra sekretariat og revisjon. Foreløpig er **Tage Pettersen** (H), leder av kontrollutvalget i Moss, og **Ragnhild Aashaug**, rådgiver i Kontrollutvalg Fjell IKS, bekreftet som innledere.

[Det tas forbehold om endringer i programmet. Sist oppdatert: 26. oktober]

Etterutdanning:

- 11 timer iht. NKRFs krav til etterutdanning

Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 15.11.2022 10:03:38
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: FKT -info Oktober 2022

Fra: Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>
Sendt: tirsdag 15. november 2022 10:01
Til: Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>
Emne: FKT -info Oktober 2022

Med helsing

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 402 03 664
www.vlfk.no

Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for ev. journalføring i vårt sak- og arkivsystem.

Fra: Forum for kontroll og tilsyn[fkt@fkt.no]
Sendt: 28.10.2022 14:12:42
Til: Einar Kåre Ulla[Einar.Kare.Ulla@vlfk.no]
Tittel: Nytt fra FKT



Forum for
kontroll og tilsyn

FKT-rapport: Kartlegging av eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap

Undersøkelsen omfatter bestilte og gjennomførte undersøkelser etter ikrafttreddelsen av ny kommunelov høsten 2019 og frem til 1.august 2022.



RAPPORT

En kartlegging av eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskap i perioden 2020-2022

© Forum for kontroll og tilsyn 2022

[Les mer om rapporten](#)

Høringssvar fra FKT til endringer i kommuneloven

FKT har gitt høringssvar til forslag til endringer i kommuneloven. Vi har gitt kommentarer til kap. 11 om møte-, tale- og forslagsrett i folkevalgte organer, kap.15 om navn på interkommunale samarbeid, kap. 16 om varsling til kontrollutvalget om møter.

Høringssvar kommuneloven

Nye forskrifter og rundskriv fra KDD

Gjelder gjennomføring av deling av Viken fk. Troms og Finnmark fk., Vestfold og Telemark fk. og Ålesund kommune

Forskrifter og rundskriv

Varslingsdagen 2022, 24. november



På vegne av BI-professor Stig Berge Matthiesen og advokat Birthe Maria Eriksen, og med støtte fra Fritt Ord, inviterer ADI Advokater til Varslingsdagen 2022 i Bergen.

[Omtale og påmelding](#)

Fagkonferansen 2023



I 2023 arrangeres fagkonferansen i Trondheim 31.mai-1.juni. Sett av datoene allerede nå!

[Mer om programmet](#)



Bernt svarer: Kan forfall til et fysisk møte erstattes med deltakelse på Teams?

For at fjernmøte skal kunne benyttes, må organets leder bestemme i innkallingen til det enkelte møte at fjernmøte skal benyttes.

[**Les mer om uttalelsen**](#)



God helg!



Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.

Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)

